

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien - nestleiar
Helene M. Bolstad - nestleiar, Thor Hauknes, Kristian Hanto,
Kjellbjørn Karsrud, Silje Solberg,
Thomas Nilssen – 1.vara

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Ingrid Schei Stuhaug – tilsettes representant.

Tid: Måndag 1.april kl.10.00 til tysdag 2.april kl.16.00

Stad: Schous

Sakliste

- Styresak 2019/18 Innkalling og sakliste
- Styresak 2019/19 Orienterings-, drøfting- og referatsaker
- Styresak 2019/20 Godkjenning av dagsorden for Landsmøte 2019 og fordeling av oppgåver på landsmøtet.
- Styresak 2019/21 Regnskap 2018 med merknader
- Styresak 2019/22 Ettergiving av gjeld til Norsk Artistforbund?
- Styresak 2019/23 Årsmelding 2018
- Styresak 2019/24 Langtidsplan med særskilde satsingar
- Styresak 2019/25 Revidert budsjett 2019
- Styresak 2019/26 Budsjett 2020
- Styresak 2019/27 Budsjett 2021
- Styresak 2019/28 Medlemspengar 2020-2022
- Styresak 2019/29 Revidering av vedtekter – formålsparagraf
- Styresak 2019/30 Sak om arrangørar som medlemmer
- Styresak 2019/31 Framlegg av nye representantar til valnemnda
- Styresak 2019/32 Framlegg til ordstyrarar, protokollunderskrivarar og redaksjonsnemnd.

- Styresak 2019/33 SAFFA og medlemsskapet i FolkOrg
- Styresak 2019/34 Utnemning av heidersmedlem
- Styresak 2019/35 Søknad om medlemsskap i FolkOrg frå Akwaaba (på nytt)
- Styresak 2019/36 Dextra Musica – idémyldring kring vidare satsing
- Styresak 2019/37 Tilskotsordning til hardingfelemakarar/instrumentmakarar
- Styresak 2019/38 Sak om endring av tevlingsreglement
- Styresak 2019/39 Dokumentering av Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk
- Styresak 2019/40 Årets folkemusikkfotografi
- Styresak 2019/41 GDPR/Personvern
- Styresak 2019/42 Presentasjon av musikkutgreiinga: «Hva nå? Digitaliseringens innvirkning på norsk musikkbransje». (BI på oppdrag frå KUD)
- Styresak 2019/43 Eventuelt

Styresak 2019/18 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2019/19 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

a) Driftsrapport

- a. Rådgjeving/Opplæring/service
 - i. Vi har sendt ut relevant informasjon til yrkesutøvarane, og spesielt nemnt arbeidet med TONO. Vi har oppmoda alle som komponerar om å melde seg inn i TONO og registrere verka sine.
 - ii. I samarbeid med Norsk musikkråd førebur vi TONO-handsaminga for laga våre ved å hente inn tall frå laga.
 - iii. Vi har vore på årsmøter i fleire av områdelaga.
 - iv. Vi har hatt møte med fleire potensielle nye lag.
 - v. Vi har søkt om Frifond organisasjon.
- b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:
 1. Arbeidet med å skaffe dommarar er godt i gong.
 2. Vi har hatt møte med fleire potensielle arrangørar av LK og LF.
 3. Vi har hatt møte med arrangørane av LK 2020.
 4. Vi er godt i gong med informasjonsarbeidet for LK og LF, både når det gjeld klargjering av nettsider og sosiale media, samarbeid med lokale informasjonsansvarlege fungerer godt og vi har gitt opplæring i bruk av nettsider og sosiale medier.
 5. Representantar frå styre og administrasjon har hatt møte med hovudnemnda i Vågå.
 6. Vi har søkt midlar til dommarseminar.
 - ii. Folkelarm
 1. Vi har fått inn 145 søknader om å ha showcase på Folkelarm.
 2. Vi har rapportert for Folkelarm 2018.
 3. Vi har søkt tilskot til Folkelarm 2019, og har fått nokre positive svar så langt.
 4. Nettsider og sosiale medium er oppdatert.
- c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i. Folkemusikk – magasinet:
 1. Folkemusikk nr 1/19 er sendt ut.
 2. Folkemusikk nr 2/19 er i produksjon, skal ut i veke 22.
 3. Annonseal, grafisk design, trykk og utsending er sett ut til Polonor fagpresse i Drammen,
 4. Vi har fått kr 300 000 i kritikarmidlar frå Norsk kulturråd.
 5. Folkemusikk planlegg to til tre seminar under Folkelarm.

6. Tidsam, hovudleverandør av tidsskrift til Narvesen Noreg, sa 22. mars opp distribusjonsavtala med Folkemusikk, med verknad frå september 2019.
7. Planlegg å lage ein til to podcastar til, og lansere ein sesong til LK 2019.
- ii. Anna informasjonsarbeid
 1. Vi har lagt ut filmar frå meisterkonserten i operaen og delt dei i sosiale media.
- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
 - i. Vi har levert innspel til ei ny kunstnarmelding.
 - ii. Vi har levert høyringsinnspel på kulturmeldinga til familie- og kulturkomiteen på Stortinget.
 - iii. Vi planlegg ein kulturdag under Arendalsveka saman med Arrangørforum, Kulturalliansen, Kunstnernetverket og Norsk museumsforbund.
 - iv. Vi har meldt inn kandidatar til styrene i FFUK, Norsk musikkråd og Musikkens studieforbund.
- e. Særskilde satsingar
 - i. Folkedans
 1. Arbeidet med rekrutteringsprosjekta held fram.
 - ii. Info /synlegheit /formidling
 1. Vi har hatt møte med NRK om dekking av Lk og generelt om dekking av folkemusikk og folkedans.
 2. Vi driv med forbetring og opprydding i nettsidene våre.
 3. Vi har hatt møte med Meltwater for å finne betre løysingar for å få oversikt over kva som skrivast om folkemusikk og folkedans.
 - iii. Det profesjonelle feltet
 1. Vi har hatt møte med TONO-arbeidsgruppa og sett på om det kan gå å få Folkemusikken inn i TONOs subsidierte pulje.
 2. Vi har bestilt og sett i gong arbeidet med www.folkartist.no (utøvar katalogen) Vi har testperiode no m.o.t. innmeldingsskjema. Det er viktig at dette fungerer optimalt før vi opnar for registrering.
 3. Vi har fått utkast til design av www.folkartist.no
- f. Andre ting:
 - i. Det har vore mykje arbeid med å lage system for oppfølging av personvernlova/GDPR.
 - ii. Vi har vore representert i tildelingsutvalet i KOMP.
 - iii. Vi har sendt ut elektronisk medlemsfaktura for første gong, og informert om appen GNIST.
 - iv. Kristian Hanto var til stades under årsmøtet i Telemarksfestivalen, der mellom anna innspelet vårt om programmering vart drøfta.
 - v. Silje Solberg var på årsmøte i Hordaland folkemusikklag, som er godt førebudd på fylkessamanslåing.

- b) Fana spelemannslag og status – til orientering
- c) Torkjell Haugeruds minnefond – brev og årsmelding.

Vedtak:

Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering med disse merknadene:

- a) *Ingen merknad*
- b) *Ingen merknad*
- c) *FolkOrg står opp om løysinga styret for Torkjell Haugeruds minnefond har for formell registrering av fondet, då som ein del av Telemark folkemusikklag.*

Styresak 2019/20 Godkjenning av dagsorden for Landsmøte 2019 og fordeling av oppgaver på landsmøtet.

Vedtak: Styret godkjenner dagsorden for Landsmøte 2019 med tillegg om sak om fråsegner og har fordelt arbeidsoppgåvene på landsmøtet.

Styresak 2019/21 Regnskap 2018 med merknader

Vedtak: Styret godkjenner revidert rekneskap for 2018, og legg det fram for Landsmøtet 2019.

Styresak 2019/22 Ettergiving av gjeld til Norsk Artistforbund?

Vedtak: FolkOrg ettergir gjelda på kr 86 332 som Norsk Artistforbund har til oss.

Styresak 2019/23 Årsmelding 2018

Vedtak: Styret legg fram framlegg til årsmelding for 2018 for Landsmøtet 2019.

Styresak 2019/24 Langtidsplan med særskilde satsingar

Vedtak: Styret legg fram framlegg til langtidsplan med desse reviderte særskilde satsingar for 2020-2021 for landsmøtet:

Rekruttering	Informasjon / formidling / dokumentasjon	Folkedans	Det profesjonelle feltet
<p>Vi skal arbeide for eit vidare samarbeid med Dextra Musica.</p> <p>Vi skal syne fram døme på samarbeid mellom lag, kulturskole og rekrutteringsprosjekt.</p> <p>FolkOrg skal, saman med områdelag og lokallag, jobbe for å rekruttere tidlegare aktive medlemmar inn att i laga.</p> <p>FolkOrg skal gje lokallag og områdelag meir kunnskap om korleis ein skriv gode søknader.</p>	<p>Vi skal arbeide for at sjangeren blir meir synleg</p> <p>Vi skal vise fram den mediedekkinga folkemusikken og folkedansen i Noreg får.</p> <p>Vi skal byrje planlegginga av ei større markering av at FolkOrg/Landslaget for spelemenn er 100 år i 2023.</p> <p>Vi skal arbeide for dokumentering av Landskappleik og Landsfestival i gammaldans ved å samarbeide med andre aktørar på feltet</p>	<p>Vi skal i samarbeid med laga få opp talet på dansearrangement, få oversikt over instruktørar og rekruttere fleire instruktørar og dansarar.</p> <p>Vi skal samarbeide med laga om å få opp talet på dansefestar.</p> <p>Vi skal saman med samrådsmøte for folkedansen arbeide for å få til ei bachelorutdanning i scenisk folkedans.</p> <p>Vi skal gjere aktuelle støtteordningar kjent.</p>	<p>Vi vil bidra til at folkemusikarar og folkedansarar får fleire jobbar gjennom å etablere portalen folkartist.no.</p> <p>Vi skal arbeide for ei meir rettviss TONO-ordning for folkemusikksjangeren.</p> <p>Vi skal arbeide for at fleire av våre medlemmer søker tilskot frå ordningar som m.a. Norsk kulturråd og Music Norway.</p>

Styresak 2019/25 Revidert budsjett 2019

Vedtak: Framlegg til revidert budsjett for 2019 vert lagt fram for landsmøtet 2019 med dei endringa styret la til i handsaminga.

Styresak 2019/26 Budsjett 2020

Vedtak: Framlegg til budsjett for 2020 vert lagt fram for landsmøtet 2019 med dei endringa styret la til i handsaminga.

Styresak 2019/27 Budsjett 2021

Vedtak: Framlegg til budsjett for 2021 vert lagt fram for landsmøtet 2019 med dei endringa styret la til i handsaminga.

Styresak 2019/28 Medlemspengar 2020-2022

Vedtak:

Styret legg fram dette framlegget til medlemspengar for perioden 2020-2022 for Landsmøtet:

- a) *Medlemspengar for 2020 vert sett til kr 290 for vaksne, og kr 100 for born.*
- b) *Medlemspengar for 2021 vert sett til kr 320 for vaksne, og kr 100 for born.*
- c) *Medlemspengar for 2022 vert sett til kr 320 for vaksne, og kr 100 for born.*

Styresak 2019/29 Revidering av vedtekter – føremålsparagraf

Vedtak:

Styret legg fram for landsmøtte framlegg om tillegg i føremålsparagrafen i vedtektene slik at den blir:

§ 2 Føremål

FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrkje deira rolle og vilkår i samfunnet, og gjennom det fremje god folkehelse.

Styresak 2019/30 Sak om arrangørar som medlemmer

Vedtak:

Styret i FolkOrg legg fram følgande framlegg til vedtak for landsmøtet:

- a) *FolkOrg opnar for at arrangørar av konsertar med folkemusikk og dansefestar, og folkemusikkfestivalar kan melde seg inn i FolkOrg. Nettverket for folkemusikkarrangørar vil opphøyra i den form det har i dag, og vi vil lage møteplassar for arrangørmedlemmer.*
- b) *Arrangørmedlemmene betaler kontingent etter modell 1. Det vil si at dei betaler 1 % av omsetninga, minimum kr 800 og maksimum kr 3000.*
- c) *Arrangørmedlemmene kan sende to utsendingar med stemmerett til Landsmøtet, på lik linje med faglaga.*

Styresak 2019/31 Framlegg av nye representantar til valnemnda

Vedtak:

Styret i FolkOrg har følgande framlegg til ny valnemnd i FolkOrg:

- Torunn Raftevold Rue – for to år, attval
- Øystein Rudi – for to år
- Solbjørg Tveiten – for to år

Styresak 2019/32 Framlegg til ordstyrarar, protokollunderskrivarar og redaksjonsnemnd.

Vedtak:

- a) Styret gjør framlegg om Magne Velure og Lene Furuli som ordstyrarar på Landsmøtet i FolkOrg 2019.
- b) Styret gjør framlegg om protokollunderskrivarar på Landsmøtet i FolkOrg 2019 under styremøtet fredagen under landsmøtehelga.
- c) Styret gjør framlegg om Kari Grøslund, Per Øyvind Tveiten og Anne Nilssen som redaksjonsnemnd på Landsmøtet i FolkOrg 2019.

Styresak 2019/33 SAFFA og medlemsskapet i FolkOrg

Vedtak: For å vere eit områdelag i FolkOrg må SAFFA organisere seg som eit områdelag, der alle styremedlemmer er medlemmer FolkOrg, og der alle lagsmedlemmene i medlemslaga må vere medlem i FolkOrg. Nettverket kan dei organisere som dei ønskjer.

Styresak 2019/34 Utnemning av heidersmedlem

Vedtak: Styret vedtok kven som skal utnemnas som heidersmedlem i FolkOrg.

Styresak 2019/35 Søknad om medlemsskap i FolkOrg frå Akwaaba (på nytt)

Vedtak: Akwaaba blir tatt opp som nytt medlemslag i FolkOrg.

Styresak 2019/36 Dextra Musica – idémyldring kring vidare satsing

Styret drøfta ulike idear til vidare samarbeid med Dextra Musica.

Styresak 2019/37 Tilskotsordning til hardingfelemakarar/instrumentmakarar

Vedtak: Vi vil jobbe for å til ei stipendordning for instrumentmakarar innan vår sjanger. Vi vil først ta kontakt med Dextra Music, og på sikt bidra til ei meir permanent stipendordning gjennom Kulturdepartementet.

Styresak 2019/38 Sak om endring av tevlingsreglement

Vedtak:

Punkt 5 i tevlingsreglementet endrast til:

Tevlingsnummer på tevlingar i regi av FolkOrg skal vere folkemusikk som har vore i tradisjonell bruk i Noreg, eller som er laga i tradisjonell stil.

Styresak 2019/39 Dokumentering av Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk

Ingen framlegg til vedtak

Styresak 2019/40 Årets folkemusikkfotografi

Vedtak:

Vi opprettar prisen Årets folkemusikkfotografi som ein årleg prisutdeling i forbindelse med Folkelarmprisen og prisen vert delt ut som ein del av prisutdelinga til Folkelarmprisen.

Årets folkemusikkfotografi består av ein kategori med tre nominerte bilete og eit bilete vert kåra til Årets folkemusikkfotografi.

Avklaringar

Premien for å få biletet sitt kåra til Årets folkemusikkfotografi er: kr 5000, der FolkOrg med det får rettane til bildet. Eit trykk av bildet med ramme og skilt om at det er årets folkemusikkfotografi.

Juryen består av: Folkelarmprisjuryen og ein profesjonell fotograf.

Retningslinjer for prisen:

- Bileta må være teke i forbindelse med eit folkemusikkrelatert arrangement.
- Bileta må være teke i perioden som gjeld for utgjevingar til Folkelarmprisen. Frå 1. september til 31. august. Slik vil bilete frå alle festivalar/arrangement i løpet av det siste året bli representert.
- Det bør være tydelege element av folkemusikk og/eller folkedans på biletet.
- Alle kan sende inn totalt tre av sine egne bilete til juryen.
- Tre bilete vert nominert til prisen, ein fotograf kan berre verta nominert med eit bilete.

- Eit bilete vert kåra som årets folkemusikkfotografi.
- Dersom det er nærbilete av ein eller få personar, må dei som er på bileta ha godkjent at bileta vert sendt inn til juryen.

Alle som sender inn bilete må godkjenne at bileta vert nytta i samband med utdelinga av prisen.

Styresak 2019/41 GDPR/Personvern

Vedtak:

Styret i FolkOrg tek saka om GDPR og personvernet i FolkOrg til orientering.

Styresak 2019/42 Presentasjon av musikkutgreiinga: «Hva nå? Digitaliseringens innvirkning på norsk musikkbransje». (BI på oppdrag frå KUD)

Rapporten vart presentert i møtet, men kan òg lastas ned her:

<https://www.bi.no/globalassets/forskning/centre-for-creative-industries/publications/musikkutredning.pdf>

Vedtak:

Styret i FolkOrg tek presentasjonen av rapporten til orientering.

Styresak 2019/42 Eventuelt

- a) Medalje til heidersmedlemmer: Vi henter inn prisar frå sølvsmeder i vårt miljø og frå gullsmeden vi har nytta før. AU følger opp det saman med administrasjonen.
- b) Husleigeavtalen vi har gjennom Norsk musikkråd går ut i november. Det arbeidast med alternativ.
- c) Hovudnemnda for LK i Tinn ønskja seg kongepokal i hardingfele i 2020. Det er ikkje mogleg då det skal vere det i Vågå i 2019. Dei ønskja seg også finale i hardingfele A, men på grunn av rulleringsplanene for finalar går ikkje det. Då dei skal ha ei god hardingfele som premie i hardingfele klasse c, gjer styret framlegg om at dei kan ha finale i hardingfele klasse c.
- d) Det er ei utfordring at det berre er ein kongepokal når den er sett opp i dans. Vi søker om å få to mindre pokalar dei åra det er kongepokal i dans.